

Slåtten er godt i gang.

31.05.2014



Forhausting på Myklebust.

Denne veka starta bøndene opp med førsteslåtten. Det er tidleg, men ikkje unormalt tidleg. Mange år har det starta opp i slutten av mai, og veteranbonde Bjørgulv Eik fortalde for nokre år sidan at den tidlegaste starten han hugsar var 25.mai.

Derimot er det naturleg nok mykje tidlegare enn i fjor. Då starta slåttonna opp 14 dagar seinare, nærare bestemt 12.juni.

I dag føremiddag kunne vi registrere stor aktivitet både på Nedre Feet der Kjærland Samdrift driv, og på garden til Runar Myklebust. Begge stader dreiv dei med to traktorar. På Myklebust køyrde dei i silo, medan Kjærland Samdrift pressa og balla foret.



Fredag vart graset slått på Nedre Feet.

Kjell Arne Myklebust i Kjærland Samdrift fortel at dei starta torsdag, og at dei er ferdige heime på Kjærland. Han er naturleg nok svært fornøgd med slåtteveret. Det er også Runar som kan fortelje at han starta opp i går, fredag. Då slo han ferdig garden i Uro som han paktar av Håkon Haugland. I tillegg til at Runar berømmer det flotte slåtteveret, er han svært tilfreds med avlinga.

- Det er veldig bra på til å vere så tidleg som sist i mai, seier han.

I tillegg veit vi at Lars Haugland er i gang med slåttonna, og fleire andre er klar til å starte opp. Og det gode slåtteveret er heldigvis sikra over ei veke framover. Storm og yr truar berre med nokre dropar torsdag.



Laurdag var to traktorar i gang med pressing og balling.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.